


Menighetsbladet



Tustna



Aure



Stemshaug

Nr 4 2022 47. årgang





Andakten

Av Miriam Finset Ingvaldsen

Eit julemysterium til alle tider

Då eg var barn kjøpte mor mi ei bok som heitte Julemysteriet. Det var ei forunderleg bok. Ho var stofftrekt, med ei djup mørkeblå farge, bokmerketråd og eit lite bilde på framsida av Maria, Josef og Jesus i stallen. Inni var boka full av fine bilde, gøynde bak det som skulle førestille luker, samt med detaljar av mønster og ornament kring teksten. For ei vakker bok! Likevel er historia inni vakkra. Ho handlar om Joakim. Han og pappaen hans er på ei litt halvdesperat jakt etter ein julekalender siste dagen i november, og dei finn han til sist. Joakim oppdagar ein stovete og gammal kalender, bortgøymd i ein liten bokhandel. Det viser seg at det ikkje er kva som helst kalender Joakim hadde fått seg. Bak kvar luke var det eit lite bilde, men bak lukene låg det også bittesmå lappar som var skrivne på

med ørsmå bokstavar: Ei mystisk forteljing om den vesle jenta Elisabet som spring etter eit lite lam som har rømd frå det masete kjøpesenteret. Elisabet spring ikkje berre etter lammet, ho spring dessutan tilbake i tid. Lammet skal til Betlehem for å helse på Jesusbarnet, og Elisabet blir med på ferda. Saman med englar, vismenn, gjetarar og andre ho møter på vegen. Boka gir eit bilde av den store forteljinga om Jesus som kom til verda i ein fattigsleg stall – om korleis han kom for å frelse alle menneske. Samtidig gir historia oss eit innblikk i korleis forteljinga om Jesus har vandra gjennom tidene, frå den dagen i Betlehem fram til vår tid. Kristendomens historie har og står framleis så sterkt i korleis vi tenker og lever.

Det er mykje ikring oss i jula, ljós, fargar, smakar og gåver - vi blir begeistra over alt vi ser og tek inn. Likevel er historia om frelsaren som kom til jorda for over 2000 år sidan den mest forunderlege. Jostein



Gaarder skriv i *Julemysteriet*:

«Etter de hellige kongers mening gjorde Gud menneskene en smule bortskjemte fordi han skapte altfor mye på én gang. Han skapte så mye rart å se på at mange mennesker ikke ser Gud. Men på den måten klarte han også å gjemme seg selv. Det ville han ikke klart hvis det fantes bare fire mennesker, tre trær, to sauar og åtte kameler i hele skaperverket. Hvis det bare fantes en eneste fisk i havet, ville nok menneskene ha sett hvor fullkommen den var. Da ville de dessuten ha gitt seg til å spørre om hvem som hadde laget den».

Julestjerner til jul

I Aure er det tradisjon at kirken, ved diakoniutvalget, deler ut julestjerner til pårørende som har mistet en kjær person i løpet av det siste året. Det vil de også gjøre i år. På Tustna er det Helselaget som deler ut blomst til de pårørende, mens diakoniutvalget gir til jubilanter. Ta godt imot dem når de kommer i uke 50.

Elisabeth Finset



Juletrefestar


Skarsgrenda bedehus, 26.12. (2. juledag) kl. 16.00
Sør-Tustna kapell, 26.12. (2. juledag) kl. 14.00
Kjørsvikbugen bedehus, 28.12. (4. juledag) kl. 17.00
Aure misjonshus, 29.21. (5. juledag) kl. 16.00
 Ta med kaffemat til felles buffetbord. Ta gjerne med ein gevinst til åresal.

HELT på jordet

I april 1796 gikk Hans Nielsen Hauge på jordet. Det snudde helt om på livet hans. Han fikk et kall til å gå ut med evangeliet, selv om han hadde hele kirken imot seg. Han gikk fra hus til hus, fra bygd til bygd og fra landsdel til landsdel.

I tillegg var han multigründer og inspirerte fattigfolk til å ta i bruk sine evner til nytte for samfunnet. Han var mannen som endret Norge til å bli et moderne samfunn.

«HELT på jordet» er redigert av Preben Colstrup og selges til støtte for menighetens barne- og ungdomsarbeid. Den selges på kirkekontoret for kr. 249,- og den egner seg for konfirmanter og eldre. Halvparten av bokens innhold er tegneserie.



Fråmsida:

Måleri av prestevikar Preben Colstrup.

Min salme

Reidun Birkelund

Telefonen ringer en torsdag formiddag i november. Det er en mann på tråden, og han lurer på om jeg kan tenke meg å komme med en julesalme til Menighetsbladet.

Jeg tenker meg om ei lita stund, og så svarer jeg «ja»

Denne salmen synes jeg er så fin, enten det er jul eller ikke.

En krybbe var vuggen

Norsk tekst: Eyvind Skeie

Melodi: J.E. Clark

*En krybbe var vuggen som ventet ham her,
det lille barn Jesus, vår Frelser så kjær.
Men stjernene lyste helt inn der han lå,
det lille barn Jesus, på leiet av strå.*

*Så enkelt og stille kom Gud til vår jord.
Så høyt er jeg elsket av Jesus, min bror.
Han kom fra Guds himmel,
Gud selv var han lik,
men Jesus ble fattig, og jeg er blitt rik.*

*Fra krybben til korset gikk veien for deg;
slik åpnet du porten til himlen for meg.
Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei,
så alle kan samles i himlen hos deg!*

For noen år siden var jeg flittig til å sende julebrev i posten, og det ble mange den gangen. Da avsluttet jeg ofte julebrevet med dette siste verset!



Måtte vi huske på det som er det viktigste i jula:

Jesus, verdens Frelser, kom til vår jord. Med dette vil jeg ønske alle og enhver en god og velsignet julehøytid.

GÅVER TIL KYRKJELYDEN

Dersom nokon har lyst til å gje ei gave til arbeidet i kyrkjelyden, er det høve til det. Dette kan være minnegave eller ønskje om å støtte frivillig arbeid, som t.d. barne- og ungdomsarbeid eller besøks-tjeneste.

Kyrkjelydsarbeidet i Aure sokn/ barne - og ungdomsarbeid
*4068 47 01047 Vipps: 119778

Kyrkjelydsarbeidet i Stemshaug sokn/ barne - og ungdomsarbeid

*4068 47 03821 Vipps: 119784

Menighetsarbeidet i Tustna sokn/ barne - og ungdomsarbeid
*4202 34 84603 Vipps: 119785

Aure Blomsterfond (til å gjøre kyrkjer og kyrkjegardar finare)
*4068 30 00185

Stemshaug Blomsterfond
(til å gjøre kyrkjer og kyrkjegardar finare)
*4068 20 10926

Diakoniutvalet
*4068 47 17814

Kyrkjemusikalsk arbeid
*4068 10 59778

Konfirmantarbeidet
*4202 18 07650

Menighetsbladet
* 4068 30 04415



JULEKONSERT I AURE KYRKJE SØNDAG 18. DESEMBER 2022 KL. 15:00

- Alex Kurbanov • Arti Læll
- Aure Misjonskor
- Aure Musikkorps • Kor i all verden
- Aure Songlag • Lystenning



Velkommen til musikalsk førjulsstemning.

Ingen inngangsbillett, men takkar for ei gave til arrangement ved utgangane eller Vipps: 509300

Arr.: Aure Songlag

Humorshow, viser og ettertanke

Aure Arena 14. februar

Humoristen Torolv Nordbø alias Hånn Innante fra Rogaland kommer sammen med Folk Brothers til Aure Arena valentidsdagen. Det er menighetene i Aure som ønsker en lys aften på den mørke årstiden. Det er et arrangement som alle aldersgrupper kan ha glede av.



Nordbø har en rekke show på samvittigheten, deriblant Tre visne menn og ei solstråle med John Skien, Rita Fotland og Hånn Innante, Hedningen og misjonæren sammen med Per



Inge Thorkildsen og Røtter og Latter med Steinar Albrigtsen. Nordbø deltok i Norske talenter i 2015 og har plasseringer på Norskstoppen sammen med Rita Eriksen.

Over bru

Han innante heter Brakkvald Tolvstykkje, er 78 år og tidligere pensionist. Han skulle egenlig vært noen år eldre om ikke faren hans var så sjenert. Han innante kommer fra Indre Erfjord. Mange har problemer med å finne den plassen, men når du går over bruha, har du gått for langt. «Folk Brothers» er en duo med Oskar Nordbø

og Edvard «Borneo» Nordbø, sønnene til Torolf Nordbø og har dermed samme far uten å ha forskjellig mor. De er etablerte artister kvar for seg med mange låter på Spotify og Youtube. Her spiller de sammen med to gitarer i Simon & Garfunkle/Everly Brothers stil.

Vi forventer en kveld der latteren sitter løst, gode musikkoppvelser og et og annet ord til ettertanke, sier initiativtaker og prestevikar Preben Colstrup.

Menighetene i Aure

Julemesse på Aure Misionshus

-Jesus går med deg kvart steg du tek, berre du let Hånn sleppe til. Han er alltid tilgjengeleg, sa Greta Gravås Aartun som heldt andakten under årets julemesse for Det Norske Misjonsselskap (NMS) på Aure Misionshus, laurdag 12. november. Ho er aktivt med i misjonens arbeid i Levanger-området og sit i landsstyret for NMS. Elles deltok Aure Misionskor med flott song, og i kjellaren var det aktivitetar for borna.

Norges eldste misjonsorganisasjon driv arbeid i 16 land i Asia, Afrika, Sør-Amerika og Europa. Organisasjonen er 180 år i år, og



"Prestegaardens Misionsforening" i Aure er med sine 160 år ikkje langt etter. Som namnet seier, har foreininga alltid vore knytt til prestegarden og -familien, og Anny Orten står i ein lang tradisjon der ho losar oss gjennom julemassa, nummer 26 i rekka for NMS. Og som seg hør og bør, vart jubilanten feira med stor kake med 16 lys, eitt for kvart tiår.

Som alle år før (med eit unntak på sparebluss for to år sidan pga pandemien) var mykje folk innom, godt og vel hundre samstundes. Serveringa var pølser og brød, og kaffe og kaker. Bord og veggjar var dekte av gevinstar, og loddosal før og under julemassa, samt åresal og matsal der og da, resulterte i godt og vel 128 tusen innsamla kroner, eit flott resultat.

Asbjørn Barlaup

Foredrag av Tania Michelet



27. september var det celebert besøk i Aure Arena. Tania Michelet, dotter til den kjente forfattaren Jon Michelet, vitja Aure med eit inspirerande foredrag i Aure Arena klokka 19:00. Arrangementet var i regi av sokna i Aure i samarbeid med Aure folkebibliotek. Det kom i overkant av 50 personar, og det var tydeleg at foredraget fall i smak hjå dei frammøtte, noko boksalet vitna om. Det var selt ca. 55 bøker. Nokre såg nok òg sitt snitt til å sikre seg ei fin julegåve til slekt og vener.

Artikkel i Avisa Dagen

Historia om Tania Michelet er ei historie om eit langt og til dels kaotisk liv, som kulminerer i at ho blir døypt i Moss Kirke den 10. februar i 2019. I tida etter har det vore fleire oppslag i kristne aviser og tidsskrift, med historia hen-

nar som tema. Tania har endå til vore laurdagshest i NRK. Det som gjorde at det kom i stand eit arrangement i Aure var ein artikkel i avisas Dagen som underteikna las tidleg på nyåret i år. Etter å ha lese denne vart eg såpass engasjert og gripen at eg tenkte at denne boka måtte eg lese, og bestilte ho difor med det same. Boka gjorde eit svært sterkt inntrykk, og etter å ha lese ho ferdig, bestemte eg meg for at eg ville gje ei positiv tilbakemelding til forfattaren, og gje kredit til ei god bok og ei interessant forteljing om livshistoria hennar. Eg fekk eit triveleg svar same dag, og derifrå var ikkje vegen lang til å spørre om det passa å ta turen til Aure for å fortelje historia si.

Samarbeidsprosjekt mellom sokna og biblioteket.

Forslaget vart fremja på eit felles soknerådsmøte mellom dei tre sokna i Aure som vart halde før sommarferien, og alle sokna var positive til å få til eit arrangement. I tillegg kom kyrkjeverja med innspel om å få med biblioteket på laget, og dei var òg positive til å bli med. Så gikk det til at kyrkjekontoret med friviljuge frå sokna klarte å få på plass eit godt og interessant arrangement som eg trur publikum sette stor pris på. Sokneråda stilte med kaker og kaffe i forkant av foredraget og etterpå var det boksal med signering av forfattaren sjølv.

Frå ein kaotisk barndom til eit liv i fridom

«Jeg følt mellom alle stoler. Jeg var mer enn én gang stridens kjerne i barnefordelingssaker. Da mamma døde, ønsket mormor og morfar, og min stefar å ha meg. Dette er veldig rørende å tenke på i dag». Dette er eit av avsnitta i boka som òg pregar omslaget bak. Historia som Tania skildrar i foredraget sitt er ei sterkt personleg historie om ei ung jente som blir kasteball i eit system av raud ideologi. Verda skulle reddast, men i dette og mange andre tilfelle gjekk det ut over det næreste og kjæraste ein hadde, nemleg eigne barn. Tankane som må ha florert i eit barnesinn, blanda med såre kjensler, stress og uro kjem godt fram, spesielt i forbindelse med sjølvmordet til mora.

I alt det mørke er det likevel ein del lypunkt. Blant anna dei hemmelege turane til sundagsskulen som ho berre delte med ste-bestemora si i Oslo, samt faren sine indikasjonar på tankar om trusliv på slutten av livet. Desse lypunktene går som eit raud tråd gjennom boka fram til ho sjølv, med støtte frå mentoren sin, Tomm Kristiansen, vel å døype seg og gå offentleg ut med trua si.

Boka skildrar mykje vondt, men har likevel ein god utgang og ein positivisme som legg vekt på at det går an å få ein ny start i livet på



trass at det ligg mykje vondt bak. Dette er no òg sjølv bodskapen i evangeliet, og Tania gjer det klart at den nye starten ho får, er på grunn av valet ho har teke om å omvende seg til trua på Jesus og bli døypt. Boka er vel verd å lese og kan vere ein tankevekkar.

Omvising i Aure

Dagen etter foredraget vart det litt tid før avreise, og vi måtte høvet til å sjå både litt på naturen og kyrkjebygningane. Vi kørde difor ein tur opp på Fonna for å sjå på utsikta. Etterpå var vi innom kyrkjekontoret og ein tur inn i Aurekyrkja for ei omvising. Tania var særstundt imponert, både over den fine naturen vi har i kommunen vår, og kyrkja. Så gikk turen til Kvernberget og vidare med fly sørover etter to innholdsrike dagar. Eg vil seie at det var eit vellukka arrangement, og trur at alle som var med, hadde godt utbytte av det.

Takk til Tania Michelet som takka ja til å kome til Aure for å fortelje livshistoria si.

Åsmund Almlid



Tania og Åsmund.



Bolivia-tur med Randi og Asbjørn Barlaup

Korleis er det å sjå att sin gamle arbeidsplass, misjonsfeltet, og "sitt andre heimland" Bolivia etter mest 30 år? Vi to gamle fekk vere med yngstemann Torstein og kona Astrid dit i haust, heile september og vel så det. No ja, haust og haust, i Sør-Amerika sør for ekvator er det vår og etterkvart sommar no, årstidene er snudd på hovudet i høve til kva vi er vane med. Og sola står riktignok opp i aust og går ned i vest, som ho skal gjere. Men utover dagen svingar ho mot nord, så vidt. Vi oppfatta ho helst loddrett opp, i senit, midt på dagen. Greitt å sleppe skuggen da vi var i byen Potosi på 4000 meters høgd, men verre i Santa Cruz nokre få hundre meter over havet.


Naturen er som han var, storfelt og vakker, med høge Andesfjell opp i 5000 meter over havet og høgare enda, med den enorme høgslutta innimellom, i knapt 4000 meters høgd, som ein turist frå regnvåte Norge opplever som tørr halvørken. Og midt inne på høgslutta: saltsjøen Uyuni, den største i verda, berre litt mindre enn Møre og Romsdal fylke, ei klisterflat snøkvit vidde der det ikkje er fartsgrense korkje for taxi, tungtransport eller tøffe ungdommar på motorsykkel. "Sjøen" inneheld halvparten av alt litium i verda, ei framtidig gullgruve når mest all transport kjem til å gå på batteri. Midt inne på den kvite saltflata ligg ein restaurant, oppbygd av saltblokker og med saltmøblar, og med flagg frå mest heile verda blafrande utanfor i vinden. Men dverre ikkje det norske. Så for fotografering tok vi stilling under det blå og kvite flagget å Israel.

Elles har mykje endra seg i Bolivia. Da vi reiste derifrå i 1993, var det eit fattig og lite utvikla land. No var det asfaltvegar i aust og vest, over høgslette og ned i djupe dalar, og helseklinikkar og idrettshallar sjølv langt

ute på landsbygda. Da vi reiste frå landsbyen Tinguipaya for knapt 30 år sidan, gjekk ein lastebil opp til byen Potosi nokre gonger i veka, no er det bussruter fleire gonger for dagen. Den gongen var det ikkje elektrisk ljós i heimane, og maten vart stort sett laga på jordomnar med kratt og kvistar til brensel. Misjonsstasjonen var den einaste som hadde telefonisk kontakt med omverda, ein kommunikasjonsradio to gonger i døgnet. No var det elektrisk ljós i alle hus, gassomnar til matlagning, og internett.

Men mykje er ved det gamle. Det er framleis mykje inntak av alkohol, dei fire dagane vi var i Tinguipaya, var vi vitne til to bilulukker, den eine med dødeleg utfall. Og gamle førestillingar og overtru er dominante. Vi fekk oververe ein religiøs festivitas med religiøs dans og drukking og indianarkoner og menn i sine vanlege fargerieke klesdrakter, med fleire lag skjört for konene sin del, og bildekksandalar for mennene. Og samtidig: smarttelefonar.

Helsearbeidet og utviklingsarbeidet som vi



Landsbyen Tinguipaya, der vi budde fleire år.

fekk vere med å starte opp - mellom anna reint vatn, skulestell og jordbruksutvikling ute på landsbygda - er no nasjonalisert og vidareført. Vi fekk vere med på eit årsju-bileum for den suverent største skulen som misjonen fekk legge til rette for, i storbyen Cochabamba. Det er grunnskulen "Jesus Maestro" med over 1000 elevar, og mellom dei: 80 elevar som får spesialundervising, takk vere initiativ frå learen i kyrkja vår. Det er sjeldsynt kost i eit land som trass stor framgang ligg langt attom våre nordiske land i offentleg omsorg og velferd.

Men den store opplevinga var å sjå "fruktene" frå den tida vi var misjonærar i landet. Det er no att ein misjonær og ein nyleg utkomen familie, frå Norsk Luthersk Misjonssamband. Den gong da var det fem misjonsstasjonar med kringliggende "preikeplassar" som vi drog ut til i jeep og besøkte. No er det ei sjølvstendig nasjonal kyrkje i denne delen av Bolivia, "Den kristne evangelisk-lutherske kyrkja" med til saman 15 kyrkjelydar. Og det er også fleire "frie" kyrkjelydar som er frukt av arbeidet.

Det største var å møte dei truande venene frå den gong da. Dei har halde fast ved trua på Jesus, og mange er veldig aktive i kyrkjelyd og kristent arbeid. Vi fekk mange velsigna stunder saman med dei, i kyrkjene og i heimane. Så får det heller våge seg at dei fleste av dei har vorte 30 år eldre sidan sist.



Huset vi budde i gjennom fleire år, i landsbyen Tinguipaya.



Saltsjøen Uyuni, ei bortimot endelaus kvit slette.



Rosa lærde Torstein å lage buñuelos.



Skulemusikk og elevar i skuleuniformar på Jesús Maestro.



Saman med Mercedes og Mario. Han sto i spissen for å bygge grunnskulen Jesús Maestro og å få inn spesialundervising for dei som treng det.




Kjært gjensyn med 83 år gamle Matiasa.



Religiøs fest med mykje dans og driking.



Benkar, veggar og veggpint er av salt. Sjekka ved prøvesmaking.



Fullt hus på halloVenn på Tustna i år.

Hallopenn 2022

I år ble det arrangert Hallopenn både i Aure arena og på Sør-Tustna kapell. Ca. 50 barn kom på Tustna, og ca. 160 barn i arenaen. Det var god stemning begge stedene, med 10. klassinger som stod for underholdning for de små med mange ulike stasjoner; alt i fra fiskedam og følekkasse til klatring og tegning. En super måte å feire halloween på! For innsatsen får barna pølse med brød, brus og godtepose. Takk til alle som gjorde dette til to supre arrangement for både liten og stor!



Mye liv og god stemning i arenaen.



Edvard hjelper Anna Elisa med å fange seigmannen.

**Takk til
alle som
støtta
Hallopenn**



Lys våken

19. og 20. november var sju 11-åringar med på Lys våken i Aure kirke og rødstua (kirkekontoret). Lys våken handler ikke om at vi skal være våken hele natten, men at vi skal være våken overfor det som skjer i oss og rundt oss. Vi skal være våken ovenfor Gud, hverandre og oss selv. Ikke minst kan vi oppleve at Gud er lys våken for oss.



Foto:Elisabeth Finset



Foto:Johannes Finset

Det ble to artige dager med hobbyaktivitet, samlingsstunder, sang, lek, utforske kirkjen både høyt og lavt i leken, oppdrag fra politikontoret og selvfølgelig god mat. Søndag var det gudstjeneste der 11-åringene bidro med både tekstsingning, lyttenning og lys våkensang! Takk for en fin helg sammen.

Elisabeth Finset

TROSOPPLÆRING

Babysang:

Denne høsten har det vært arrangert babysang på Aure misjonshus. 13 mammaer har tatt med babyene sine og blitt med på sangstund og lunsj. Det har vært veldig trivelig. På den ene samlingen besøkte vi Aure sjukeheim. Det var kjekt å glede de gamle med litt sang og toner og søte barn.
(bilde)

Sangsprell

Syv barn med foreldre har vært med på sangsprell på Leira bedehus noen utvalgte tirsdager. Reidun Birkelund ordner til herlig kveldsmat mens Leif Johan og jeg synger og spreller med de små i en liten samlingsstund før det er tid for mat og lek. Det har vært fine samlinger.

Utdeling av 2- og 4-årsbøker i alle kirkene.

Denne høsten har det vært delt ut bøker til alle 2 og 4 åringene som er medlem av den norske kirke. Om du ikke hadde anledning til å møte opp men ønsker boken er det bare å ta kontakt med Elisabeth på kirkekontoret på telefon 47975085 eller send mail elisabeth@aurekyrkje.no. Meld fra om målform, så skrives navnet i boken og det er bare å stikke innom og hente.

Våren 2023

Planene for våren 2023 er ikke helt i boks enda, men trosopplærer håper å få til både babysang, sangsprell og kanskje en kirkekino. Invitasjoner til de ulike aktivitetene vil bli sendt ut, enten pr brev eller pr mail. 5-klassingene vil også få tilbud om å få sin egen bibel og ta bibelsertifikatet. Det vil bli laget en brosjyre til utdeling i kirkene, så da er det bare å ta med seg en, finne ut hva som passer og melde seg på. Eller følg med på nettsiden vår. Velkommen!



Utdeling 2- og 4-årsbok

Josefine og Martinus får hver sin bok i Gullstein kirke søndag 4. desember



Babysang.



BARNAS

Finn 10 navn og ord frå juleforteljinga

Namna på ti namn og ord frå juleevangeliet er gøymt inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover. Finn du alle?



Å	F	J	O	D	E	L	I	J	O
U	B	E	T	L	E	H	E	M	A
M	E	S	S	I	A	S	N	A	U
U	L	U	I	G	U	G	G	R	G
J	O	S	E	F	F	J	E	I	U
O	L	P	Å	S	W	E	L	A	S
N	A	S	A	R	E	T	X	Ø	T
S	M	A	K	K	I	A	L	F	U
I	P	S	I	D	U	R	K	I	S
K	R	U	B	B	E	A	Y	V	I
I	R	A	B	A	B	R	A	B	Ø

Finn fem feil!

Engelen fortel gjeterane på marka nyheten om Jesu fødsel. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
Teikning: Asbjørn Tønnesen



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Fargelegg!



Kaffepraten med brødrene Gjerde

På Skarsøya, nærmere bestemt Skar, bor brødrene Gjerde. Det er mange som har stiftet bekjentskap med disse to, særlig gjennom sang og musikk.

Ann-Mari Ulfnes og Brit Nilsen tok turen til Haugly en kveld i slutten av november for å høre litt om historien om brødrene Gjerde, og samtidig fikk vi smake på julekakene til Ruth.

Brødrene vokste opp på Skar med mor og far. Da Morten Arve var 16 år, begynte han på Høgtun og gikk der i to år. Deretter gikk han Lærerskole fire år på Levanger. På Levanger møtte han Ruth Gravås som han vart gift med. Morten Arve jobbet som lærer i Namsskogan og på Søvassli før familien flytta hjem til Skar i 1982.

Torbjørn reiste også en del før han og kona Astrid flytta hjem til Skar i 1981. Torbjørn gikk ett år på Rødde (folkehøgskole) og deretter Maskin og Mek på Kyrksæterøra, to år på bilskole på Lade og ett år i militæret. Så en tur innom Kristiansund som bilmekaniker før de reiste hjem.

Da begge brødrene var på plass hjemme, starta begrepet "Brødrene Gjerde". I perioden 1982 - 1989 sang og spilte de ofte på bedehus, krets møter, i begravelser og i kirka, sjukeheim, basarer og andre sammankomster. I 1989 spilte de inn en kassett i regi av Nordvest Media. Kassetten ble spilt inn i bedehuset på Skar og fikk tittelen "I Jesu omsorg". De opptrådte også som familiemusikklag, sammen med sine egne barn og av og til med andre nabo-barn.

I perioden 1989 - 1992 var det en pause i opptredenene, da Ruth og Morten Arve reiste til Bolivia. Torbjørn holdt sangstemmen vedlike ved å delta i familiemusikklag på Aure og å synge i kor. Da Ruth og Morten Arve kom hjem i 1992, tok Brødrene Gjerde opp igjen synginga, og brukte mye tid på å synge og spille både i og utenfor kommunens grenser.

Etter et opphold i Kenya for Ruth og Morten Arve (2004-2006) ble CD-en "Ved kilden" spilt inn på loftstua hjemme, med god hjelp av sønnen Johannes.


På spørsmål om "hva gir det dere" å bruke så mye tid på sang og musikk, så svarer de at det er inspirerende og meningsfylt. Det er mange flinke sangere i Aure og ett takknemlig publikum.



Som motto viser de til sangen: "Jeg vil synge en sang om Jesus", av Leonard Gudmundsen.

I det siste så har brødrene trappa litt ned på synginga, men du kan ennå møte dem syngende og spillende på bl.a. sjukeheimen og bedehus.

Takk for praten og god jul!



SJØSIDEN
FRISØR
**Bente L.
Kristiansen Istad**
Mjosundet
Telefon 479 55 426

H. Aukan
Regnskapskontor AS
Tlf 71 64 40 40 – 6698 Lesund
Økonomisk rådgivning –
Regnskapsføring
Skattespørsmål
VI HJELPER DEG!!

Vi arrangerer

- * Barnedåp
- * Konfirmasjon
- * Bryllaup
- * Bursdager
- * Minnesamvær
- * Catering



Tlf 716 46 238

BUNNPRIS

Aure

09 - 22 (20)


Tlf 71 64 62 70

S MASKIN A/S
www.smaskin.no

Blomster og gaver i Aure!

- sesongens blomster og planter
- spennende gavebutikk
- busker, trær, stauder.

Vi bringer!



ÅPENT
ma-to 10-17
Fre 10-18
Lør 10-15

Velkommen til Vihals

Flora Idé AS

– Jørjan Ulfnes-Skar –
gartner og dekoratør

Tlf 716 46 500 – 926 81 668



Har du byggeplaner?

Vi er forhandler av Husmenyen
og Hyttemenyen

Vi forhandler:

- Arbeidsklær og verneutstyr
- Hus, hytter og garasjer
- Kjøkken, bad og garderobe
- Lås og beslag
- Maling, tapet og gulvbelegg
- Parkett og laminat
- Trelast og byggevarer
- Verktøy og redskaper
- vinduer og dører

Gode tilbud på impregnertmaterialer.
Varebringning etter avtale.

Åpningstider:
Mandag - fredag: 07:00 - 17:00
Lørdag: 09:00 - 14:00

Adresse: Tennhaugen Industriområde,
6699 Kjørsvikbogen
Telefon: 71 64 53 20 - Faks: 71 64 53 21
E-post: byggvarehuset@c2i.net

Skipnes Mek. Verksted AS

6697 Vihals
Tlf 71 64 56 41
Faks 71 64 56 67



Din naturlige samarbeidspartner ved
kjøp og service på:

- Bil
- Båt og båtmotor
- Caravan
- ATV
- Tiltenger
- Skog- og hageprodukter
- Verksted for bil, caravan, marine, ATV, landbruk, småmaskiner, EU-kontroll + + +
- Bilpleie
- Karosseri/lakk

Ta kontakt med oss for en hyggelig handel.

Tlf: 48 48 83 48
E-post: post@aurebilogfritid.no
Nettside: www.aurebilogfritid.no
Facebook: [Aurebilogfritid](#)



Nybygg, rehabilitering, mur-
og betongarbeider, puss- og
flisarbeider, kjerneboring,
betongsaging, graving.

Glamstad Bygg as
6690 Aure Tlf. 71 64 66 60

Kyrkjevalet 2023

Kven vil styre kyrkja vår?

Det er kyrkjeval 11. september 2023. Kanskje du vil stille til val? Du er invitert til å vere med på å skape framtidas kyrkje!

Av kyrkjeverje Judith Bjørk

Rekk opp handa sjølv eller finn fram til folk du trur kan vera viktige i lokalkyrkja di. Vi vil samarbeide for at fleire oppdagar det store og gode ved å gje av si tid til det som byggjer fellesskap.

Ved kyrkjevalet skal det veljast 8000 rådsmedlemmer til å leie arbeidet i kyrkja. Hugs å gje stemma di på valdagen.

Bli med!

Du trengst til den viktigaste oppgåva i dagens Noreg: Å skape sterke fellesskap i bygd og by. Mange tendensar bryt ned fellesskapen mellom oss. Vi treng å engasjere oss for å motarbeide isolasjon og splitting.

Vi må jobbe fram ein motkultur mot alle teikn som tyder på forakt for veikskap. Vi vil støtte det som fremjar respekten for Guds skaparverk. Vi ynskjer å visa respekt for kvart enkelt menneske, slik Jesus såg og hørde den enkelte. Kyrkja di gjev mange høve for engasjementet ditt. I møta med folk i nabolaget ditt kan haldningane dine og det du gjer, bety mykje.

Soknerådet skal oppnemne ein nominasjonskomité som skal nominere kandidatar. Det er i tillegg høve for andre til å levera inn eigne kandidatlister. Alle kandidatlister er sett opp i prioritert rekjkjefølgje.

Til dei regionale bispedømerådsvala vil det finnast lister frå ein nominasjonskomité (som består av éin medlem frå kvart prosti i bispedømet etter avstemming i eit valmøte der kvart sokneråd sender representanten sin), og frå andre nomineringsgrupper.

Kva gjer soknerådet?

Soknerådet leier verksemda til forsamlinga der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvane og utfordringane i kyrkja di. Arbeidet til kyrkjelyden spenner over mange tema – m.a. miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, og dessutan jus og økonomiforvalting.

Her er nokre døme på soknerådets ansvarsområde:

- Trusopplæring blant døpte mellom 0 og 18 år
- Diakonalt arbeid (omsorgstenesta til kyrkja)
- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Langsiktig planlegging av arbeidet til kyrkjelyden
- Ofringar
- Utleige av kyrkja
- Uttalerett ved tilsettingar av prest, prost og biskop
- Samarbeid med frivillige

Soknerådet har ein representant i kyrkjeleg fellesråd. Kyrkjeleg fellesråd tek seg av administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna.

Soknerådet har 4–10 medlemmar. Medlemmane har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er òg aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.

Soknerådet møtest 2-5 gonger i halvåret. Medlemmane vert valde for fire år.

Ei undersøking blant soknerådsmedlemmar viste at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meiningsfylt å vere med i soknerådet. 85 prosent synest vervet er meir eller like tilfredsstilande som dei hadde forventa.

Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet:

- 1 . Du bidreg til å halda lokalkyrkja levande
- 2 . Du vert del av ein kristen fellesskap
- 3 . Du gjer ein viktig jobb for fellesskapen
- 4 . Du kan sørge for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge
- 5 . Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
- 6 . Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
- 7 . Du kan sørge for at kyrkja di er ei open og inkluderande kyrkje
- 8 . Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
- 9 . Du får nyttig styrerøynsle som du kan bruka i andre samanhengar
10. Du kan oppdaga nye sider ved deg sjølv

Besøk www.kyrkjevalet.no





Livets gang

Aure kyrkje

Døpte:

16.10.22 Storm Ulfsnes
16.10.22 Malin kristensen-Dahl
16.10.22 Peder Olai Stormyr
16.10.22 Erika Langholm Bangsund
20.11.22 Emma Marie Ormset

Døde:

03.09.22 Gjermund Vaag f. 1931 (Retting)
04.09.22 Brynhild Berg f. 1939 (Retting)
15.10.22 Svanhild Brynhilde Skogset f. 1927
27.10.22 Johanne Todal Soleim f. 1935
24.11.22 Jon I Skoglund f. 1941
29.11.22 Harald Romundset f. 1932
Finn Gunnar Oldervik f. 1947

Gullstein kirke

Døpte:

02.10.22 Noah Torkildsen Aunvik

04.12.22 Fredrikke Follestad Ørbog

Døde:

20.07.22 Einar Reiten f. 1954 (urnenedsettelse)
27.10.22 Alma Gjertine Aspvik f. 1930
30.11.22 Kåre Lervåg f. 1936

Stemshaug kyrkje

Døpte:

27.11.22 Aurora Metliås Tetlie (Skardsøya grrendahus)

Døde:

20.07.22 Einar Reiten f. 1954 (urnenedsetting)
27.10.22 Alma Gjertine Aspvik f. 1930
30.11.22 Kåre Lervåg f. 1936

Vareminnesider.no – dødsannonser fra heile landet




Gravsted-tjenester



- Stell av graver • Pusser opp skrift i stein, • Gull (22 karat). • Sølv, hvitt og sort lakk.
- Vask av steiner og fundament, Vi fjerner mose og groe • Oppretting av skeivt gravminne.
- Vi selger og nye gravminner, samt inn hugging av nye navn. • Lys, lykter og bronse artikler.

Smøla, Aure, Hitra, Frøya og Heim - Tlf 91568305
gravstedtjenester@gravstedtjenester.no

TA KONTAKT MED JAN FRODE JOHNSEN PÅ 91568305
gravstedtjenester@gravstedtjenester.no



ØYVILT
6694 Foldfjorden
TLF: 915 75 803
Vilt-Fisk-Fiskemat

Ring oss på
481 57 263 / 915 75 803
for en hyggelig prat.

Vi tilbyr catering til alle anledninger
 - Dåp
 - Konfirmasjon
 - Minnesamvær
 - Bryllup
 - Møtemat og lunsjer

Vi kan tilby en variasjon av retter; koldtbord, tapas, snitter, varmretter og desserter.

Aure, Stemshaug og Tustna sokn

Adresse:
Aursundsvegen 147
6690 Aure
post@aurekyrkje.no

Kyrkjekontoret, Aure
Tlf: 71646251
Kontortid:
Ty-, to-, og fredag
kl 0900-1300
www.aurekyrkje.no

Telefonar:
Kyrkjeverje:
Judith Bjørk: 924 35 280
Prestevikar:
Preben Colstrup: 916 53 500
preben@colstrup.no

Organist:
Alexey Kurbanov: 924 30 113
Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar, Aure:
Kjell Arnold Fagerlie: 932 19 835
Kirketjener/Kirkegårdsarbeider Tustna:
Roger Steen
468 62 240
Sekretær Dordi Signe Oldervik
479 75 472

Trusopplærar/Konfirmantlærar:
Elisabeth Finset: 479 75 085

Bladstyre:
Jan Ove Krutvik: 915 21 410
Asbjørn Barlaup: 482 37 889
Einar Ørbog, Miriam Finset Ingvaldsen,
Brit Nilsen, Ann-Mari Ulfsnes,
Anne Marie Moltubakk og
Judith Susanne Bjørk

Menighetsbladet kontonr.
4068.30.04415
VIPPS: 611170

Trykk:
Orkla Grafiske AS
Tlf. 72 48 23 20
E-post:
ole-kristian@orklagrafiske.no
www.orklagrafiske.no



Gudstenester

Med etterhald om endringar
– følg med i aviser og oppslag og på
websiden www.aurekyrkje.no

11.12.2022	16:00	Gullstein kirke	Lysmesse	
11.12.2022	19:00	Aure kyrkje	Lysmesse	
18.12.2022	11:00	Nordlandet grendahus	Familiegudsteneste	
24.12.2022	12:30	Gullstein kirke	Familiegudstjeneste	Julaften
24.12.2022	14:30	Aure kyrkje	Familiegudsteneste	Julaften
25.12.2022	12:00	Aure kyrkje	Høgtidsgudsteneste	1. Juledag
25.12.2022	16:00	Stemshaug kyrkje	Høgtidsgudsteneste	1. Juledag
01.01.2023	16:00	Sør-Tustna kapell	Hovedgudstjeneste	1. Nyttårsdag
15.01.2023	11:00	Aure kyrkje	Gudsteneste	
22.01.2023	11:00	Stemshaug kyrkje	Høgmesse	
05.02.2023	11:00	Gullstein kirke	Høgmesse	
12.02.2023	11:00	Aure kyrkje	Høgmesse	
19.02.2023	11:00	Stemshaug kyrkje	Høgmesse	
26.02.2023	11:00	Aure kyrkje	Høgmesse	
12.03.2023	11:00	Gullstein kirke	Familiegudstjeneste	Årsmøte, bibel 5. kl/6-årsbok
19.03.2023	11:00	Aure kyrkje	Familiegudsteneste	Årsmøte, bibel 5. kl/6-årsbok
26.03.2023	11:00	Stemshaug kyrkje	Familiegudsteneste	Årsmøte, bibel 5. kl/6-årsbok

STUDENTMIDDAG

Hadde en hyggelig telefonsamtale med diakon Åse Kvalvik fra Frei. Ho har vært med og ordna til studentmiddag i Kirkelandet kirke annenhver onsdag. Nå har hun gått av med pensjon og håper på ny diakon fra nyåret. Denne Studentmiddag har de 3 sokneråda i Aure vært med å støtte forbindelse med ofring i kirka.



De har prøvd å arrangere 2 ganger i høst. Siste gang var dessverre avlyst. Det må være minst 6 som melder seg på. De må melde seg på tirsdagskveld innen kl. 21. Det er gratis middag og kirka åpnes kl. 16. Da kan de komme og spille bordtennis og annet spill, bruke instrument eller bare være til stede. Inngang via sidedøra i Langveien.

Håper dette blir et tilbud som fortsetter. Så til ungdommene fra Aure få med dere hybelboere å meld dere på.

De har egen FB side som heter STUDENTMIDDAG.

Takk til de som er med å arrangere middag og dette tilbud til ungdommene.

Brit Nilsen



Returadresse:


Menighetsblad
v/ Aure kyrkjecontor
Aursundvegen 147
6690 Aure



Kornelia Sofie Maria Evensen Goa - Døpt i Stemshaug kyrkje 12.06.22.



Aurora Metliås Tetlie - Døpt på Skardsøya grendehus 27.11.2022.



Benjamin Finset - Døpt i Aure kyrkje 31.07.2022.



Peder Olai Lervik Stormyr - Døpt i Aure kyrkje 16.10.2022.



Noah Torkildsen Aunvik - Døpt i Gullstein kirke 02.10.22.

